



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 31.01.2017

Sak nr.: 17/17-2

Internt l.nr.: 4116/17

Sak: 7/17

Tittel: Nye akvakulturoppgaver i samband med regionsreforma på Vestlandet

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet tilrår samrøystes å endre overskrifta på saka til:

Nye akvakulturoppgaver til fylka

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Akvakulturnæringa er ei viktig næring på Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil Sogn og Fjordane fylkeskommune at Vestlandet skal tilførast fleire akvakulturoppgaver frå regional stat.
3. Saka om nye akvakulturoppgaver vert å sende til regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og Fiskeridepartementet.